

| | |
|--------------------|---|
| Kva: | Protokoll til møte nr. 02 i Alpinkomiteen 2023-2025 |
| Tidspunkt: | Onsdag 30. august 2023, kl. 18:00 |
| Stad: | Thon Hotel Skei |
| Sakliste: | <i>REFERATSAKER:</i> <i>SAK 06 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 07 23-25 Godkjenning av protokoll møte nr. 01 23-25</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER:</i> <i>SAK 08 23-25 Rekneskapsrapport pr. 16.08.2023</i> <i>DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 09 23-25 Sportsleg opplegg hausten 2023 og vinteren 2024</i> <i>SAK 10 23-25 Saker til haustmøtet 21. oktober 2023</i> <i>SAK 11 23-25 Rammer for terminlista 2023-2024</i> <i>EVENTUELT</i> <i>SAK 12 23-25 Felles tidtakarsystem</i> |
| Til stades: | Roger Ellingsund, Elisabeth Sætren, Fabian Bergqvist, Atle Sæterbakken, Rakel Sunde, og Kennet Dvergedal (adm.) |
| Forfall: | Cato Vik |
| Referent: | Kennet Dvergedal |

Referatsaker:**SAK 06 23-25****Godkjenning av innkalling og sakliste****Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 07 23-25**Godkjenning av AK protokoll nr. 01 23-25****Bakgrunn**

Protokoll frå AK møte nr. 01 23-25 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 01 23-25



RAPPORTERINGSSAKER

SAK 08 23-25

Rekneskapsrapport pr. 16.08.2023

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 16.08.2023 er lagt ved som eige vedlegg.

Nøkkeltal frå rapporten:

Inntekter AK: kr. 200 030,-

Kostnadar AK: kr. -252 199,-

Resultat: kr. -52 169,-

Eigenkapital i AK pr. 31.12.2022: kr. 809 128,-

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rekneskapsrapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 09 23-25

Sportsleg opplegg hausten 2023 og vinteren 2024

Bakgrunn

Alpinkomiteen har lagt opp til følgjande samlingsplan hausten 2023:

- Fjord1 Barmarksamling Leikanger 23. september
- Fjord1 Skisamling Juvass 12.-15. oktober
- Fjord1 Barmarksamling Sandane 27.-28. oktober

I møte drøfta alpinkomiteen følgjande saker:

- Trenarstatus
- Samlingar/ treningar vinter 23/24
- Nasjonale renn 2024

Framlegg til VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å samarbeide med andre kretsar/ lag til skisamling hausten 2023, og brukar lokale trenarar til barmarksamlingar hausten 2023.

Vidare gjer komiteen vedtak om å ikkje legge til rette for krinslagstreningar vinteren 2023/2024, men å lage til ein rekrutteringscup med krinsrenn i vekedagar. Rekrutteringscupen vert terminfesta i terminlista 2023-2024, sjå sak 11 23-25.

SAK 10 23-25

Saker til Haustmøtet 21. oktober 2023

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2023 skal avviklast 21. oktober på Hotel Alexandra i Loen.

Rammeprogram:



Kl. 12:00: Frammøte og lunsj
Kl. 13:00: Felles del
Kl. 14:00-17.00: Greinvisе fagmøte

Sakliste alpinksomiteen 2022:

- Orientering frå haustmøtet NSF
- Samlingsplan 2022-2023
- Terminlista 2022-2023
- Foreldrekurs/ trenarkurs
- Rekruttering
- Økonomi/ marknad

VEDTAK

Alpinksomiteen gjer vedtak om følgjande saksliste:

- Terminlista 2023-2024
- Rekruttering
- Samlingsplan 2024
- Lokale foreldre/ trenarkurs
- Økonomi/ marked

SAK 11 23-25

Rammer for terminlista 2023-2024

Bakgrunn

Alpinksomiteen drøfta rammer for terminlista 2023-2024.

Framlegg til VEDTAK

Alpinksomiteen laga framlegg til terminlista 2023-2024 i møte med følgjande rammer:

- Rekrutteringscup i vekedagar
- Krinsrenn i helgene
- Oppfordre til dobbeltrenn
- KM SL og SSL til Sunnfjord

Utkast til terminlista 2023-2024 er lagt ved i eige vedlegg.

EVENTUELT

SAK 12 23-25

Felles tidtakarsystem

Bakgrunn

Alpinksomiteen undersøker om ein skal kjøpe inn felles tidtakarsystem som klubbane kan bruke til renngjennomføring.

VEDTAK

Alpinksomiteen gjer vedtak om å følgje opp saka, og sjekke behovet i klubbane.

Neste møte i alpinksomiteen: Haustmøte 21. oktober 2023



Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef